



Kvartett frå Bergensområdet slikkar sol og nyt forfriskningar på Øyro. Frå venstre sit Frode Eikeland (Fana), Arthur Gustafsson (Askøy), Odd Eikeland (Åsane) og Rolf Eikeland (Fana). (Foto: Ola Matti Mathisen)

### Uskedalen som reise- og fritidsmål har i desse dagar ein bra sesongstart både til lands og til vanns.

- Det er større innrykk enn det plar vera rundt dette månadsskiftet, men så er det også ei skikkeleg langhelg, seier Steinar Myklebust på Rabben Feriesenter der han står midt mellom bubilar og campingvognar. Eigarane er nordmenn, det er enno for tidleg for utlendingane. Steinar synest også at det verkar lovande med omsyn til førehands-bestillingar.



Innrykket av bubilar og campingvognar på Rabben er stort i sesongstarten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Samstundes kan Rabben-veteranen sjå attende på ein vintersesong med fullt belegg av polske arbeidrarar i hyttene med dusj og toalett. Polakkane trivst tydelegvis godt på Rabben og ein tilleggs-grunn til trivselen er tilbodet med trådløs pc-tilknytning. Den nyttar dei både seint og tidleg.

Den set også Reidun Eik (busett på Voss men med røter i Uskedalen) og Eva Roseth Barane (busett på Stord) stor pris på der dei sit i skuggen av ei hytte og jobbar intenst på datamaskinane sine.

Den eine er på husjakt på Voss, medan den andre sjekkar e-posten sin. Og begge skryt av at dei rett som er er sneiar innom uskedalen.no!

Duoen bur ein annan stad på Rabben, men der er signalane i svakaste laget.

Også på området til Øyro er trivselen stor i det fine veret. Ein vennegjeng i 11 båtar frå Askøy, Fana og Åsane nyt forfriskningar og slikkar sol og prisar Uskedalen som eit triveleg og fint reisemål. Dei reknar seg som

veteranar mellom feriegjestene på staden, men er også innom andre stader i Sunnhordland når dei set kursen hitover. Husnes, Storebø og Kolbeinshavn er tre av dei.

- Kwartetten svarar spontant "Egil" når uskedalen.no spør om det er noko spesielt dei set pris på når dei kjem hit. Egil ber etternamnet Høgemark og har i ei årrekke vore hamnevert på Øyro. Bergensarane rosar han sterkt for servicen dei får når dei kjem hit.

Av Ola Matti Mathisen



Reidun Eik og Eva Roseth Barane i intens konsentrasjon bak pc-ane sine. (Foto: Ola Matti Mathisen)